



Gutane viste flott innsats mot Bergsøy.

**G13-laget til Uskedal IL fekk ein hard start i Norway Cup i går, men i dag reiste dei seg meisterleg, og i følgje rapportane frå Oslo spela dei ein kanongod kamp mot Bergsøy. Dei leia også svært lenge, men to kjappe mål gjorde at dei mista sigeren som dei hadde fortent, heilt på slutten.**

Det vart ein jamn kamp mot Bergsøy på Valle Hovin. Uskedalslaget tok leiinga litt ut i 2.omgang ved Tørres Tungesvik Myklebust. Han scora også eit mål til, men her snudde dommaren om, annullerte målet og gav frispark til Bergsøy for stempling i staden. Heilt på tampen av kampen scora Bergsøy 2 gonger, og dermed drog dei sigeren i land.

Gutane fra Uskedal gjorde ein kanongod kamp, og viste med dette at dei har mykje fotball i seg, fortel vår rapportør frå Norway Cup.

- Eg synest litt synd på gutane i dag. Dei legg ned ein heroisk innsats og leiar 1-0 til det er ca. 3-4 min igjen. Vi manglar ein del på angrepsspelet vårt i dag, men med denne innsatsen så lover det bra for siste kamp mot Bergen Nord 2 og for B-sluttspellet, uttalte trenar Tommy Eidsvik etter kampen.

Kampen mot Bergen Nord 2 går i morgon kl.18.30.

Dei andre kampane med Uskedalsspelarar går seinare i ettermiddag og kveld. Vi kjem tilbake med resultat frå desse.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Endre Myklebust